




Temaplan for privatarkiv i Vestland 2025–2029

Vedteken av fylkestinget 17. juni 2025

Innhald

Innleiing	3
Visjon og mål	4
Føresetnader for temaplanen	5
Bakgrunn og overordna føringar	5
Medverknad	5
Kunnskapsgrunnlag og metode	5
Berekraft	6
Stoda for privatarkivfeltet i Vestland	7
Overordna utfordringsbilete – nasjonalt og regionalt	7
Arkivlandskapet i Vestland	7
Rammevilkår	8
Privatarkivbestanden i Vestland	9
Tilgjenge	11
Satsingsområde	12
Hovudmål: å demokratisere arkiva.	12
Satsingsområde 1: Alle skal ha tilgjenge til kunnskapen privatarkiva rommar	12
Satsingsområde 2: Privatarkiva skal bidra til heilskapleg samfunnsdokumentasjon i Vestland	14
Satsingsområde 3: Vestland skal vere ein leiande region for vern av privatarkiv	16
Oppfølging	19

Innleiing

Privatarkiv er arkiv som er skapte av private verksemder, organisasjonar og privatpersonar. Saman med dei offentlege arkiva og anna kjeldemateriale, er dei kunnskapsberarar av samfunnshistoria og kulturarven. Privatarkiva inneheld ytringar om samfunnsgrupper, saksfelt, rettar og nærings- og organisasjonsliv i Vestland. Dei er skapte av folk i Vestland og høyrer til samfunnsdokumentasjonen i Vestland. Dei gir innsikt i samtida og fortida, og er ein del av identiteten vår.

Vestland har ein rik arv å bygge på, og er fylket med flest bevarte privatarkiv. Over fleire tiår har arkivmiljøa i både Hordaland og Sogn og Fjordane vore pionerar for utviklinga av publikumstenester, digitale løysingar og forvaltning av arkiva. Privatarkiva i Vestland vitnar om ein eineståande innsats frå fellesskapet, frå organisasjonar og institusjonar, frå private verksemder og frå styresmaktene. Bevaringsarbeidet som er lagt ned vitnar også om vilje, framsyn og engasjement frå enkeltpersonar, både arkivarar som har sikra arkiva og dei som har ynskt å overføre arkiva sine til ein fellesskap.

Behovet for ein temaplan spring ut av denne kjeldekunnskapen, og innsikt i innbyggjarane sine behov for samordna og inkluderande tilgjenge til eigen kultur og samfunnsdokumentasjon i Vestland. Planen er forankra i Kultur bygger samfunn. Regional plan for kultur 2023–2035.

Temaplanen lyfter fram ein visjon om «eit folkearkiv i Vestland» og set som mål «å demokratisere arkiva».

Temaplanen skal medverke til ein samla samfunnsdokumentasjon i Vestland. Trygging av samfunnsdokumentasjonen er ei evig oppgåve. Både samtida og fortida skal finnast i arkiva. Temaplanen viser veg og retning for vern av privatarkiv i Vestland dei neste fire åra.

Visjon og mål

Visjon: eit folkearkiv i Vestland

Hovudmål: å demokratisere arkiva

Satsingsområde 1: Alle skal ha tilgjenge til kunnskapen privatarkiva rommar

Delmål 1: Privatarkiva i Vestland skal vere tilstrekkeleg ordna og registrerte

Delmål 2: Innbyggjarrettane skal sikrast gjennom universelle og inkluderande tenester som legg til rette for bruk av arkiva

Delmål 3: Privatarkivvernet skal fremje samhandling og samskaping med frivillige og sivilsamfunnet elles

Satsingsområde 2: Privatarkiva skal bidra til ein heilskapleg samfunnsdokumentasjon i Vestland

Delmål 1: Dokumentasjonen om samfunnsgrupper som ikkje er rettvist tekne med, skal styrkast

Delmål 2: Dokumentasjon om viktige næringsvegar i Vestland skal styrkjast

Satsingsområde 3: Vestland skal vere ein leiande region for vern av privatarkiv

Delmål 1: Samarbeid om kunnskapsutvikling, kunnskapsdeling og berekraft skal styrkje kompetanse og tenesteutvikling i arkivinstitusjonane i Vestland

Delmål 2: Privatarkivvernet skal bidra til at kunnskap om arkiv og funksjonen til arkiva vert kjende for innbyggjarane

Temaplanen stakar ut kursen gjennom tre satsingsområde: 1) Alle skal ha tilgjenge til kunnskapen privatarkiva rommar; 2) Privatarkiva skal bidra til ein heilskapleg samfunnsdokumentasjon i Vestland; og 3) Vestland skal vere ein leiande region for vern av privatarkiv.

Kunnskap og samarbeid er føresetnader for å nå målet om å demokratisere arkiva. Det er avgjerande at dokumentasjonen er teken vare på og at den kan brukast. Arkiva har like fullt liten verdi om folk ikkje veit at dei finst. Det trengst gode rammevilkår og eit sterkt og berekraftig fagmiljø til arbeidet med ein samla dokumentasjon om historia og samtida i fylket. Arkiva må overførast til bevaringsinstitusjonane og dei må forvaltast og gjerast kjende. Samhandling og samskaping mellom bevaringsinstitusjonane og innbyggjarane i Vestland er ein stødig grunnmur for at arkiva skal yte rettferd og tilgjenge til alle.

Føresetnader for temaplanen

Vestland fylkeskommune er peika ut som koordinerende institusjon for privatarkiv i Vestland. Til denne rolla ligg det eit ansvar om å samordne innsatsen på privatarkivfeltet i fylket, og fungere som eit regionalt kompetansesenter. I dag organiserer fylkeskommunen ei faglege rekke nettverk innan privatarkivfeltet, i tillegg til eit eige arkivråd for Vestland. Fylkeskommunen skal vere bindeledd mellom Arkivverket, som har det nasjonale arkivansvaret i Noreg, og lokale bevaringsinstitusjonar i Vestland. Å samordne ressursar og å lage strategiar for vern av privatarkiv er sentrale oppgåver i det koordinerende arbeidet.

Temaplanen er ein overordna og strategisk plan for privatarkivarbeidet i Vestland dei neste fire åra.

Bakgrunn og overordna føringar

I juni 2023 vedtok Fylkesutvalet i Vestland å lage ein temaplan for vern av privatarkiv i fylket. Planen er forankra i Kultur bygger samfunn. Regional plan for kultur 2023–2035.

Planarbeidet spring vidare ut av Riksarkivaren sine Retningslinjer for bevaring av privatarkiv og den nasjonale strategien for privatarkivarbeidet.

Hovudmål og strategiar i Utviklingsplan for Vestland 2024–2028. Regional planstrategi gir eit tydeleg og godt handlingsrom for arbeidet med privatarkiv Vestland.

Medverknad

Ei referansegruppe har kome med råd og innspel i planprosessen. I referansegruppa deltok representantar frå Kraftmuseet, Universitetsbiblioteket i Bergen/Skeivt arkiv, Museum Vest, IKA Hordaland og ArkiVest.

Kunnskapsgrunnlag og metode

Det berande kunnskapsgrunnlaget for temaplanen er skapt i eit omfattande arbeid med ein bevaringsplan for privatarkiv. Privatarkiva som er samla inn i Vestland er vurderte opp mot utviklingstrekk og sentrale samfunnsaktørar i fylket siste 150 år.¹ Resultatet er ein grundig og

¹ Samdok-metodikken er utvikla i eit samarbeid mellom Arkivverket og bevaringsinstitusjonar i Vestland og landet elles. Samdok står for «samla samfunnsdokumentasjon».

kvalitetssikra analyse. Analysen syner korleis privatarkiva dokumenterer Vestland, og gir innsikt til å ta kunnskapsbaserte retningsval i privatarkivvernet.

Talmateriale frå Arkivstatistikken til Arkivverket og frå fylkeskommunen sine eigne kartleggingar av bevaringsinstitusjonane i Vestland er også eit viktig datagrunnlag for temaplanen. Det er i tillegg henta kunnskap frå Menon Economics sin rapport «Utredning av en fremtidsrettet arkivorganisering i Vestland»².

Berekraft

FNs berekraftsmål utgjer dei ytre rammene for arbeidet med temaplanen. Berekraftsmåla set retning for arbeidet med å skape eit miljømessig, økonomisk og sosialt berekraftig samfunn. Måla grip inn i kvarandre, og også i privatarkivvernet må ein stake ut ein kurs som tek omsyn til berekraftsmåla.

Arkiva er viktige grunnsteinar i samfunn som bygger på demokratiske verdiar som tillit, tryggleik og tilhøyrse. Privatarkiva tryggjar sosial rettferd når dei dokumenterer stemmemangfaldet.

Eit vernearbeid i tråd med føringane i regional plan for kultur sikrar at privatarkiva i Vestland bidreg til å realisere eit hovudprinsipp i berekraftsmåla om at ingen skal utelatast. Målretta vernearbeid vil sikre at einskildpersonar og grupper kjem til orde med sine eigne forteljingar og synsmåtar. Utvikling av digitale tenester for tilgjengeleggjering og formidling av privatarkiv vil «styrke demokratisk tilgang til kulturarven gjennom digitalisering»³.

Privatarkivvernet må bidra til økonomisk og miljømessig berekraft og sikre at det er balanse mellom ressursbruk og tenester. I tenesteutviklinga må det takast omsyn til at lagring og tilgjenge til store datamengder har ein betydeleg kostnad, både i bruk av energi, sjeldne mineral og andre ressursar. Kostnadane kan reduserast i eit samarbeid som er medvite og som sikrar at data vert kopla utan at dei vert dupliserte, eller ved å bruke teknologi som hindrar unødig auke i data og kraftbehov. Det er også viktig at reknestykket tek med at gode digitale tenester legg til rette for å nyttiggjere seg arkiva som kunnskapskjelder og utgangspunkt for verdiskaping.

Samarbeid mellom bevaringsinstitusjonar, og mellom offentleg sektor, næringslivet og sivilsamfunnet, er nøkkelen til å sikre ein heilskapleg samfunnsdokumentasjon og realisere arkiva sin sosiale berekraftsfunksjon. Berekraftsmål nummer 17, «samarbeid for å nå måla», er sentralt i vernearbeidet.

² Sjå sak frå Fylkestinget PS 54/2023.

³ «Kultur bygger samfunn. Regional plan for kultur 2023–2035», handlingsprogram 2023–2026.

Stoda for privatarkivfeltet i Vestland

Privatarkiva har ikkje eit lovfesta vern. Dei er avhengige av politiske prioriteringar, velvilje frå arkiveigarane og frivillig innsats.

Overordna utfordringsbilete – nasjonalt og regionalt

Vestland er i dag fylket med flest bevarte privatarkiv. Privatarkiva er viktig både i eit lokalt og regionalt perspektiv, og det finst arkiv med nasjonal og internasjonal status i dette tilfanget. Seks av registreringane i Noregs dokumentarv er privatarkiv frå Vestland.

Arkivverket har ansvar for setje i verk overordna nasjonal politikk på arkivfeltet og er bevaringsinstitusjon for prioriterte privatarkiv. Det finst sektorvise satsingar som har ansvaret for privatarkiva frå bestemte samfunnsområde, og institusjonar med nasjonalt nedslagsfelt innan tematiske område. Arkivverket har etablert eit landsdekkjande nettverk av koordinerande institusjonar på regionalt nivå.

Det er grunnleggjande semje om at arkiv frå statleg, kommunal og privat sektor utfyller kvarandre og dokumenterer samfunnet frå ulike vinklar og ståstader. Målet om å sikre ein heilskapleg samfunnsdokumentasjon har lenge vore gjeldande mål for den nasjonale arkivpolitikken.⁴ Privatarkivarbeidet i Noreg har likevel hatt vekslende og til dels uføreseielege vilkår gjennom tidene. Resultatet er at den bevarte privatarkivbestanden ikkje er ein representativ og heilskapleg samfunnsdokumentasjon.⁵

Arbeidet med å tette hola i samfunnsdokumentasjonen er ressurskrevjande, og det set arkivsektoren i ein vanskeleg situasjon. Det er generelt eit stort etterslep i arbeidet med å ordne og registrere og å gjere arkiva tilgjengelege.

Arkivlandskapet i Vestland

Arkivsektoren i Vestland er kjend for sterke fagmiljø og solide institusjonar. Både i Hordaland og Sogn og Fjordane har det vore pionerar som har forma det breie arkivfeltet i Noreg. Verneinstitusjonane var tidleg ute med å etablere samarbeid med frivillig sektor.

⁴ Sjå mellom anna Stortingsmelding 7 (2012–2013) Arkiv.

⁵ Sjå Arkivverkets årsrapportar: <https://www.arkivverket.no/om-oss/hva-er-arkivverket/arsrapporter>

Innovasjon og teknologi har ein sentral posisjon i forvaltninga av arkiva, og i formidlingsarbeidet og utviklinga av publikumstenester.

Aktørane som tek vare på arkiv frå privat sektor i Vestland spenner vidt, frå reine arkivinstitusjonar til museum, bibliotek, kommunar og sogelag. Dei fem største bevaringsinstitusjonane for privatarkiv i Vestland forvaltar hovudtyngda av alle privatarkiv i fylket målt i omfang.

Den frivillige innsatsen er viktig for vern av privatarkiv i Vestland. Interesselag og organisasjonar har sytt for at eit omfangsrikt dokumentasjonsmateriale har vorte sikra for ettertida. I tillegg finst det sogelag som tek ansvar for privatarkiv i sine lokalmiljø.

Rammevilkår

Magasinkapasitet og oppbevaringstilhøve

God magasinkapasitet er ein føresetnad for å kunne verne privatarkiv. Sikring av arkivmateriale på papir, magnetband, fotonegativ og andre berarar krev klimastyrte og trygge lokale. Sjølv om arkivdanninga har gått frå å vere analog til å verte digital dei siste tiåra, vil det framleis vere betydelege mengder verneverdige arkiv på analoge format som ikkje har vorte samla inn.

Kompetanse og ressursar

Krava til kompetanse innan vern av privatarkiv har auka siste åra. Digitalisering av samfunnet og endra brukarbehov gjer at privatarkivfeltet må møte komplekse utfordringar. Kompetanseheving er eit naudsynt tiltak for å fremje kvaliteten på arkivarbeidet og for å styrkje tenestene til innbyggjarane.

Det er mogleg å hente ut eit mykje større ressurspotensiale i frivilligheita enn det som har vore gjort fram til no. Til dette trengst det løysingar som sikrar fagleg kvalitet og at innsatsen har langsiktig effekt.

Organisering og samarbeid

Samordning av privatarkivarbeidet i Vestland er organisert gjennom det regionale privatarkivnettverket. Ein samhandlingsplan for Hordaland frå 2006 fordeler per i dag ansvaret for innsamling og vern av privatarkiv mellom bevaringsinstitusjonane. Deter behov for å erstatte denne planen med ein ny samhandlingsplan for privatarkivvernet i Vestland.

Fylkestinget i Vestland vedtok i 2023 å etablere eit felles regionalt arkivråd for statlege, kommunale og private arkivinstitusjonar i Vestland. Arkivrådet er eit forum for å identifisere samarbeidstiltak som kan bidra til auka kvalitet og kostnadseffektivitet på arkivtenestene. Rådet bidreg også til samkøyring i dialogen med nasjonale aktørar.

Frå bevaringsinstitusjonane si side ligg det ei forventning om at arkiveigar bidreg til å sikre dokumentasjon frå eiga verksemd. Dette kan verte gjort på ulike måtar, til dømes gjennom finansiering av ordningsarbeid og sikring og tilgjenge, eller ulike grader av eigeninnsats i arbeidet med materialet. Offentleg-privat samarbeid er dermed ein grunnstein i vern av privatarkiv.

I nokre samanhengar må det offentlege ta alle kostnadane. Det finst mange herrelause privatarkiv, til dømes frå nedlagde bedrifter og organisasjonar. Slike arkiv kan krevje ein stor innsats om dei skal vernast og verte ein del av samfunnsdokumentasjonen.

Privatarkivbestanden i Vestland

Kunnskapsgrunnlaget viser at privatarkiva ikkje dokumenterer Vestland i tilstrekkeleg grad. Det trengst fleire arkiv om ein skal få eit kjeldetilfang som representerer det kulturelle mangfaldet, sentrale samfunnssektorar og samfunnsutviklinga i fylket.

Geografisk fordeling

Det er bevart privatarkiv frå alle kommunane i Vestland. Det er like fullt stor variasjon i talet på bevarte privatarkiv per innbyggjarar.

På eit overordna plan er den geografiske trenden at Sunnhordland er svakt dekt med dokumentasjon frå privat sektor. Unnataket er Tysnes kommune. Dei folkerike omlandskommunane til Bergen kjem også dårleg ut. Bevaringsplanen syner i nærare grad korleis dette heng saman med samfunnsutviklinga og kva periode som er best dekkja i det totale privatarkivtilfanget.⁶

⁶ Kommunar som Øygarden og Askøy har hatt ein svært stor befolkningsvekst sidan 1960- og 70-talet. I denne perioden har det generelt blitt teke vare på få privatarkiv. Bergen, med sine storbyfunksjonar, fangar også opp ein del næringsaktivitet og organisasjonsliv som elles ville ha vore lokalisert i kommunane.

Periodevis fordeling

Diagram 1 syner korleis dei bevarte privatarkiva i Vestland fordeler seg på ulike tidsperiodar.⁷




Diagram 1: Periodevis fordeling av privatarkiv i Vestland

Samfunnsområde

Mangelen på arkiv frå ei nærare fortid synleggjer konsekvensane av at privatarkiva ikkje bidreg til ein samla samfunnsdokumentasjon. Godt under ein tredel av dei innsamla privatarkiva i Vestland er frå perioden etter 1945. I desse åra har Vestland utvikla seg mykje. Nye næringar har vakse fram, medan andre har forvitra. Organisasjonslivet og det religiøse landskapet har vore gjennom store endringar. Innbyggjarane i Vestland er vorte eit mykje meir samansett folk, og det har vakse fram eit stort kulturelt mangfald som ikkje syner att i arkiva.

Den viktige reiselivsnæringa i Vestland er også snau dekkja ned historisk kjeldemateriale. Det same gjeld for fiske, fangst og havbruk. Dei maritime næringane har alltid hatt ei stor betydning for Vestland, og sysselset framleis mange i fylket. Til dømes har det vorte verna få privatarkiv frå

⁷ Fordelinga er basert på første ytterår. Dersom eit arkiv inneheld dokument som dekkjer perioden 1930-1960, vil det bli lagt til tidsbolken 1900-1945. Oversynet er såleis ikkje nøyaktig, men peiker på tendensar.

oppdrettssektoren. Dokumentasjonen frå lag og organisasjonar knytt til fiske og fangst er også svak, særleg frå dei sørlege delane av fylket.

Den politiske venstresida har gjort ein solid innsats for å sikre bevaring av arkiv frå arbeidarrørsla. Dette viser godt att i privatarkivbestanden i Vestland.

Privatarkiv og rettighetsdokumentasjon

Nokre av privatarkiva kjem frå private institusjonar som utfører oppgåver på vegner av det offentlege. Arkiva frå desse institusjonane har ikkje vorte tekne vare på i stor nok grad, og det har heller ikkje vore stilt tilstrekkelege krav til å sikre dokumentasjonen og dermed rettsvernet til personar som desse verksemdene har hatt ansvar for.

Rettighetsdokumentasjonen kan ikkje sikrast i form av eit regionalt privatarkivvern.

Digitalt skapte privatarkiv

I Vestland er det i all hovudsak analogt materiale som har vorte samla inn frå privat sektor. Berre 35 av dei godt over 9000 bevarte privatarkiva frå fylket er digitale.

Informasjonen i digitale arkiv kan vere lagra på forelda lagringmedium, som 3,5" diskettar, på databasetenearar, eller den finst i skytenester. Arkiva finst i til dels standardiserte løysingar som sakarkivsystem og eller dei finst som tabellar i system som i utgangspunktet ikkje er tenkt å tene som arkivløysingar. Nokre gonger er arkiva berre katalogar med filer som ikkje fortel noko om kva innhaldet har av slags funksjon.

Det er ikkje mogleg å bevare arkiva ved å ta vare på systema dei er produserte i. Innhaldet må hentast ut frå systema utan at informasjonen går tapt eller vert endra. Data må gjerast om til standardiserte format som er mogleg å forvalte over tid. Det er utvikla verktøy til jobben, men det er mange ulike system og løysingar. Ofte er det svært krevjande å utvikle nok kunnskap om eit system til å sikre autentisiteten og samanhengen i informasjonen.

Tilgjenge

Om lag 75 % av privatarkiva i Vestland er forvalta av institusjonar som brukar arkivforvaltningssystemet Asta. Systemet er ein føresetnad for å publisere arkivkatalogar på Arkivportalen, som er den nasjonale publikumsinngangen til arkiv i Noreg. Resten av privatarkiva er forvalta av aktørar som ikkje kan publisere arkivkatalogar på denne fellestenesta.

I Vestland er om lag 55 % av privatarkivbestanden ordna og katalogisert.⁸ Dei arkiva som ikkje er ordna og katalogiserte er mindre tilgjengelege for innbyggjarane. Uordna arkiv er også eit hinder for digitalisering med den teknologien og metodikken ein brukar i privatarkivvernet. Dei digitaliserte privatarkiva utgjer berre 2,5 % av det totale arkivtilfanget frå Vestland som er digitalisert og publisert.⁹

⁸ Tal henta frå arkivstatistikken 2023.

⁹ Tal henta frå Digitalarkivet 18.10.2024.

Satsingsområde

Hovudmål: å demokratisere arkiva.

Arkiva som er skapte i Vestland er ein umistande del av fylket sin kulturarv. Dei kan ikkje erstattast av noko anna. Innbyggjarane i Vestland skal finnast i arkiva. Innbyggjarane skal vite om arkiva, og at arkiva er ekte og kan brukast.

Privatarkivvernet må sikre at det finst arkiv som vitnar om folk og liv i Vestland. Vernearbeidet må drivast etter faglege prinsipp. Arkiva skal overførast slik arkivskaparane i Vestland har laga dei. Bevaringsinstitusjonane er viktige samfunnsaktørar som sikrar tillit mellom innbyggjarane og forvaltinga. Arkivarane passar på både innhaldet i arkiva og har kunnskap om samanhengen arkiva høyrer til i.

Det krev handling og ressursar å styrke innbyggjarrettane. Ei målretta satsing må til for å sikre tilgjenge til arkiva og kulturarven for både ålmenta og forskarar.. Det trengs jamn og trottig innsats, og det må gjerast prioriteringar som sikrar at ressursane vert brukte der dei trengst mest. Prioriteringane må byggje på eit kunnskapsgrunnlag og på styringsprinsipp. Det trengst fagkunnskap, og mange nok hender. Arbeidet må fordelast mellom bevaringsinstitusjonane etter fornuftige prinsipp.

Ein må utvikle og ta i bruk ny teknologi som effektiviserer arbeidet.

Temaplanen syner eit samla målbilete. Planen er ein reiskap som sikrar at det vert gjort nyttig arbeid for privatarkivvernet i Vestland. Tre satsingsområde støttar hovudmålet og trekkjer privatarkivarbeidet framover dei neste fire åra. Satsingsområda har delmål som skal brukast til å finne verkemiddel og innsats. Delmåla er viktige kvar for seg, og ein målretta innsats innanfor dei vil ofte fremje fleire føremål.

Satsingsområde 1: Alle skal ha tilgjenge til kunnskapen privatarkiva rommar

Satsinga spring ut frå Vestland sitt hovudmål for kulturfeltet: «Alle skal kunne delta, oppleve og skape». Arkiva skal vere kjende og innbyggjarane skal i størst mogleg grad ha tilgjenge til arkiv som er overført til bevaringsinstitusjonar i Vestland. Retten skal vere lik for alle.

Innbyggjarane i Vestland skal kunne bruke arkiva slik dei ynskjer. Vestland skal vere ein pådrivar i å stille arkivmateriale fritt til rådvelde. Det skal lagast tenester som passar for både skuleelevar, studentar og forskarar. Både offentleg tilsette, private verksemdar og ålmenta skal kunne bruke arkiva. Privatarkiva skal fremje delingskultur og bygge kunnskap og verdiar i alle samfunnslag og brukargrupper.

Å stille arkivmateriale til rådvelde er eit grunnleggjande ansvar i internasjonal yrkesetikk for arkivarar.

Delmål 1: Privatarkiva i Vestland skal vere tilstrekkeleg ordna og registrerte

I Vestland er det lagt ned ein stor innsats for å få tryggja privatarkiv i forskriftsmessige magasin. Slik bidrar ein til å sikre verdifulle kjelder for framtida.

Det er likevel mange arkiv som ikkje er tilgjengelege. Det er eit stor etterslep av arkiv som er uordna eller delvis ordna. Kunnskapen som ligg i desse arkiva er utilgjengeleg, og har tarveleg verdi for innbyggjarane i Vestland.

Uordna arkiv står også i fare for å tape kjeldeverdi. Til lengre tid som går før eit arkiv vert ordna, til større er risikoen for informasjonstap. Papir forvitrar ved at det kan vere syrehaldig eller vert angripe av nedbrytande organismar. Digitale informasjonsbasar går tapt når teknologien går ut. Framfor alt står vi i fare for å miste informasjon om samanhengen arkiva høyrer til i og kva innhaldet i dei dokumenterer.

Ordningsetterslepet må reduserast, og det må verte fleire ordna og katalogiserte privatarkiv i Vestland.

Delmål 2: Innbyggjarrettane skal sikrast gjennom universelle og inkluderande tenester som legg til rette for bruk av arkiva

Det er ei forventning i samfunnet om digital tilgang til kulturarven, og at tilgjenget finst som ei samordna og tilrettelagd teneste.

Arkivinstitusjonane og arkivskaparane i Vestland var tidleg i teknologiførarsetet. Det er gjort pionerinnnsats med omsyn til å digitalisere arkiva og å gjere dei tilgjengelege på ulike plattformer. Dette gjeld like vel i større grad for dei offentlege arkiva enn for privatarkiva.

Digitalisering av arkiva er viktig for å ta i bruk ny teknologi. Kunstig intelligens (KI) kan auke tilgjenget og gi arkiva eit løft ein tidlegare knapt har kunna drøyme om. Alt no ser ein at automatisert skriftgjenkjenning er i ferd med å opne kjeldene på ein heilt ny måte, jamvel på eldre gotiske handskrifter. KI kan òg fungere som ein dørøpnar til arkiv gjennom indeksering og søk på tvers av kjelder, og teknologien vil effektivisere arbeidet med å skape informasjon om arkiva og dokumentasjonen i arkiva.

Sjølv om Nasjonalbiblioteket har fått i oppdrag å digitalisere den norske kulturarven, må arbeidet i Vestland setje fart. Om tilgjenget til kulturarven skal aukast i planperioden, kan ein ikkje vente på at andre tek over. Det finst om lag 20 000 hyllemeter med papirbasert privatarkiv i Vestland. Det vil krevje fleire hundre årsverk å lage digitale kopiar av desse kjeldene.

Privatarkiva i Vestland skal gjerast tilgjengelege som digitale kjeldekopiar.

Vestland skal vere i front i utviklingsarbeid som lettar tilgjenge og legg arkiva til rette for alle. Formidlingsaktivitetar skal tilpassast målgruppene og styrke arkivkunnskapen hjå alle.

Digitalisering av privatarkiva i Vestland skal bli ein del av satsinga på nasjonal oppgåvefordeling.

Delmål 3 Privatarkivvernet skal fremje samhandling og samskaping med frivillige og sivilsamfunnet elles

Frivillige har alltid hatt ei rolle i privatarkivarbeidet. Mange av privatarkiva har vorte verna fordi eldsjeler, historieinteresserte eller personar med eit samfunnsengasjement har teke kontakt med bevaringsinstitusjonane. Det har også vore stor dugnadsinnsats knytt til registrering og kjeldeavskrifter i regionale og nasjonale publiseringssløysingar.

Arkivsektoren har like fullt ei mykje svakare forankring i sivilsamfunnet enn til dømes musea og biblioteka har. Forklaringa til dette handlar om den historiske grunngevinga for etableringa. Folkebiblioteka er til dømes fødte av ei frivillig folkerørsle som ynskte folkeopplysning og kunnskap i samfunnet.

Privatarkiva har ikkje eit tilstrekkeleg vern i lova. Vernearbeidet er avhengig av at samfunnet forstår at arkiva er viktige kjelder som sikrar rettar og rettferd for innbyggjarane, og skapar tilgjenge til eigen kultur og historie.

Mandatet om å verne privatarkiva må kome frå innbyggjarane. Folk i Vestland må ha eigarskap til arkiva.

Privatarkivvernet må invitere folk til å bruke arkiva og til å vere medskaparar i vernearbeidet.

Privatarkivvernet må opne for at fleire drivande krefter får rett til å gjere ein innsats.

Satsingsområde 2: Privatarkiva skal bidra til heilskapleg samfunnsdokumentasjon i Vestland

Privatarkiva er skapte av folk i Vestland, men det er samfunnsgrupper og tidsperiodar som ikkje finst, eller er godt nok tekne med, i tilfanget. Arkiva syner med det ikkje heile det kulturelle mangfaldet som pregar fylket, og korleis samfunnet har utvikla og endra seg.

Vestland har ei eineståande historie om ulike samfunnsaktørar som har gjort nytte av naturressursar, og skapt leveveg, liv og vekst. Det manglar kjelder som fullgodt speglar denne rike nærings saga i regionen, og som syner korleis dette fungerer i notid.

Temaplanen skal sikre at privatarkivvernet bøter hola i den samla samfunnsdokumentasjonen.

Temaplanen er eit bidrag til ansvarsfordeling og prioritering av arbeidsoppgåver. Den skal brukast til å utvikle ein samhandlingsplan for Vestland. Eit forpliktande og avklåra samarbeid mellom bevaringsinstitusjonane om innsamling og vern av privatarkiv er ein føresetnad for å lukkast med å nå målet om ein samla samfunnsdokumentasjon i Vestland.

Delmål 1: Dokumentasjonen om samfunnsgrupper som ikkje er rettvist tekne med, skal styrkast

Samfunnet er tufta på demokratiske prinsipp, og prinsippa gjeld i høgste grad også for kva privatarkiva skal dokumentere. Arbeidet med å sikre rettferd handlar også om å sikre retten til å finnast i arkiva.

Kunnskapsgrunnlaget syner at privatarkivtilfanget marginaliserer folk i Vestland. Det har til dømes berre verte teke vare på eitt organisasjonsarkiv knytt til etniske minoritetar, og to arkiv etter personar med innvandrarbakgrunn. I arkiva som dokumenterer grupper knytte til religionar eller livssyn, finst det berre human-etiske organisasjonar og kristne trussamfunn.

Både i Vestland og i landet elles skal arkiva vere eit landskap der alle kjenner at dei høyrer heime. Arkiva etter kjende personar og store verksemdar skal sikrast saman med alle dei andre arkiva i Vestland. Arkiva skal ikkje vitne om at nokon er viktigare enn andre, men vere samla som ein heilskapleg samfunnsdokumentasjon.

Privatarkivvernet i Vestland skal sikre alle stemmer og styrke mangfaldet i arkiva. Innbyggjarane og organisasjonane skal takast med og sikre at privatarkivvernet byggjer naudsynt kunnskap til å ta vare på alle.

Vernearbeidet skal bygge tillit til at alle vert inkluderte i den samla samfunnsdokumentasjonen i Vestland. Arbeidet skal skape samkjensle, og motverke utanforskap og sosial ekskludering.

Delmål 2: Dokumentasjon om viktige næringsvegar skal styrkjast

Fiske, fangst og havbruk har hatt stor betydning for dei kystnære og fjordnære samfunna. Verksemdene sysselset framleis mange menneske, og skapar verdier og livsgrunnlag både direkte og indirekte i Vestland. Fiskeoppdrett er eit særskilt døme på ei ekspansiv næring som har gitt knoppskyting i andre bransjar dei siste førti åra.

Det finst fleire privatarkiv i Vestland knytte til fiske og havbruk. Arkivtilfanget er like vel ikkje representativt. Det er ikkje dekkjande for den historiske utviklinga, og verken arkiva frå næringsorganisasjonane eller arkiva frå verksemdene gir eit tilstrekkeleg bilete av geografiske tyngdepunkt eller meir lokale særpreg i regionen. Det er fleire kommunar langs kysten som er dårleg dekte med organisasjonsarkiv. Mest kritisk er det for Sunnhordland og øykommunen Fedje som ikkje står oppført med nokon arkiv.

Privatarkivvernet må styrkje samfunnsdokumentasjonen frå privat sektor i kystkommunane i gamle Hordaland.

Innsamlingsarbeidet frå samfunnsområdet fiske, fangst og oppdrett må prioriterast i planperioden.

Framveksten av Vestland som ein viktig turistdestinasjon byrja for alvor mot slutten av 1800-talet. Landskapet stod fram som ein juvel i eit nasjonalromantisk bilete av vill natur, med fjordar, fjell, fossar og isbrear. Hardanger, Nærøydalen og Balestrand vart ikoniske reisemål, og dei dreg framleis besøkjande frå heile verda.

Hotell og andre overnattingsverksemdar som har vore i drift i fleire generasjonar, etablering av serveringsstader og skystilbod i lag med stadig nye tilbod og aktivitetar, er uttrykk for utviklinga av turistnæringa i Vestland. Desse aktivitetane må difor finnast i privatarkivbestanden.

Fylket har eit viktig ansvar for reiselivshistoria. I Balestrand ligg Norsk reiselivsmuseum, som tematiserer utviklinga av den moderne turismen i Noreg. Å byggje opp ei satsing på reiselivshistorie gjennom privatarkiv, vil styrkje Vestland si forvaltarrolle på dette området.

Reiselivet i Vestland er også avhengig av kulturarven og samfunnsdokumentasjonen som er teke vare på i privatarkiva. I temaplan for reiseliv i Vestland vert potensialet som ligg i verdiskaping innan kulturarv lyfta fram: «I distrikta finn ein også den rike kulturhistoria som skildrar vestlendingen si reise frå husmann og fiskarbonden til industriell innovatør. Dette er kvalitetar som bør vidareutviklast som tilgjengelege produkt [...] Vestland fylke har eit særleg potensiale for å utvikle produkt innafor tema mat, kultur og historieforteljing»¹⁰.

Privatarkivvernet i Vestland skal styrkje dokumentasjonen av reiselivet og reiselivsverksemdene.

Vernearbeidet skal bidra til at det vert mogleg å byggje opp ei nasjonal satsting på reiselivshistorie gjennom privatarkiv og styrke Vestland si rolle som sentrum for vern og formidling av reiselivshistorie.

Verneinstitusjonane skal samarbeide med reiselivsnæringane og sikre at privatarkiva og kulturarven bidreg til vekst og verdiskaping.

Satsingsområde 3: Vestland skal vere ein leiande region for vern av privatarkiv

Målsetnaden er avhengig av samkøyring og samhandling mellom bevaringsinstitusjonane, men også av eit samarbeid som femner endå breiare. Både i sivilsamfunnet, i det offentlege og i næringslivet

¹⁰ Temaplan reiseliv i Vestland 2023-2025. Nyskapande og berekraftig reiselivsutvikling.

finst det sterke krefter som vil vere med og byggje nyttige tenester og institusjonar som sikrar samfunnsutvikling og innbyggjarane sine levekår.

Temaplanen skal bidra til berekraft i vernearbeidet, og at ein får det beste ut av ressursane.

Delmål 1: Samarbeid om kunnskapsutvikling, kunnskapsdeling og berekraft skal styrke kompetanse og tenesteutvikling i arkivinstitusjonane i Vestland

Fylkeskommunen tek ansvar for heilskapen i privatarkivarbeidet gjennom den koordinerande rolla si. Ein aktiv koordinator er naudsynt for at privatarkivarbeidet skal ha eit fundament i det regionale planverket, og for å sikre at samarbeid med andre institusjonar og organ med forvaltaransvar innan kulturvern.

Som samfunnsutviklar har også fylkeskommunen eit ansvar for å byggje kultur for kunnskapsutvikling og kunnskapsdeling, og for å sikre samordning av kompetanse og infrastruktur til å ta vare på alle typar arkiv, uavhengig av format og tilstand. Bygging og samordning av kompetanse og kapasitet innan vern av digitalt skapte privatarkiv er sentralt i planperioden.

Eit velfungerande regionalt privatarkivvern er avhengig av ein god dialog og eit tett samarbeid med nasjonale aktørar. Vestland skal ha eit tett og gjensidig utbytterikt samspel med Arkivverket. Lokalt og regionalt privatarkivvern er avhengig av ei lydhør og fagsterk arkivmyndigheit.

Sterke regionale arkivmiljø er viktige for det nasjonale fagmiljøet. Arkivinstitusjonane og arkivkompetansen i Vestland har vore viktige medskaparar til nasjonale fellesløysingar. Det er ytt stor innsats i utvikling av katalogiseringsverktøyet ASTA, og for at arkivkatalogane kan publiserast nasjonalt på arkivportalen.no. Digitale kjeldekopiar har vorte overførte til Digitalarkivet¹¹ så langt ein har hatt kapasitet og det har vore mogleg andsynes premissane for løysinga.

Det er eit eineståande arkivlandskap i Vestland, og arkivinstitusjonane bør søkje samarbeid med utdanningsinstitusjonane i regionen for å sikre at det kan rekrutterast til arbeidet.

Vestland skal vere med og byggje betre tenester i Digitalarkivet. Ein langt større del av privatarkiva i Vestland skal publiserast her.

Digitalisering av privatarkiva i Vestland skal bli ein del av satsinga på nasjonal oppgåvefordeling i Nasjonalbiblioteket.

Det bør vurderast om eit arkivsamarbeid i Vestland kan bidra til at det vert bygt opp ein arkivvitskap og eit fagtilbod som folk frå Vestland og andre regionar kan få nytte av.

Kompetansebygging og samordning skal styrke vernet av digitalt skapte privatarkiv i planperioden.

¹¹ Nasjonal publiseringsportal for digitalisert arkivmateriale. Driven av Arkivverket.

Delmål 2: Privatarkivvernet skal bidra til at kunnskap om arkiv og funksjonen til arkiva vert kjende for innbyggjarane

Arkivinstitusjonane har eit formidlingsansvar. Dei er kompetanseinstitusjonar og har ansvar for at arkiva vert brukte og at dei kjem til nytte for innbyggjarane i fylket.

Fylkeskommunen har eit særleg ansvar i kraft av den fylkeskoordinerande rolla og som samfunnsutviklar. Alle med fagansvar må bidra til å spreie kunnskap om arkiva.

Privatarkiva er viktige for fylkeskommunen sitt strategiske utviklingsmål: Vestland skal vere eit mangfaldig og inkluderande samfunn med høg tillit som styrker grunnleggjande menneskerettar og lokaldemokrati.¹² Dette er kjernefunksjonar som arkiva er til for å oppretthalde. Pålitelegheit, autentisitet, integritet og anvendelegheit er kvalitetskrav til arkiv i ISO-standarden for dokumentasjonsforvaltning.¹³ Prinsippa er avgjerande for å oppretthalde tilliten til arkiva og arkivinstitusjonane over tid.

Dokumentasjonen i arkiva skal bidra til at samfunnet har kontroll på historia og korleis sanningar vert lagt fram for innbyggjarane. Arkiva skal også gi oss nye perspektiv og skape innsikt og moglegheit til å forstå endringar og forteljingar om desse.

Det må drivast aktiv formidling om og av arkiv til innbyggjarane.

Formidlingsverksemda må vere planmessig, og den skal sikre at alle får ta del i kunnskapen.


¹² Utviklingsplan for Vestland 2020-2024. Regional planstrategi.

¹³ Standard Noreg (2020). Informasjon og dokumentasjon – Dokumentasjonsforvaltning – Kjernebegreper og terminologi (ISO 30300).

Oppfølging

Temaplanen er ein overordna og strategisk plan for å sikre privatarkivarbeidet i Vestland dei neste fire åra.

Konkrete tiltak vil verte følgde opp gjennom årlege tiltaksplanar.



vestlandfylke.no